

Enslaved, Gagandi

Ifrå heimen han sette i gamal tid
Mot frådande bylgjer i nord

Med augo og hjarta etne av strid
Med von om ei grøderik jord
I løynda han sigla, med volve-brud
I nordluten skulle han ferda

Ei skinande viv i måne-skrud
So skulle ljuset nå verda

Det gnog i mast, det knaka i skott
På reisa over land og flod
Dei knela djupt, både træljar og drott
Då ferdafolk i tunet stod

I myrket, sine trådar volva spann
Dei reiste hallar og hov
Med blod og tårer til sola rann
Leidangen hevda hans lov

Ei skinande viv i måne-skrud
So skulle ljuset nå verda

Sæmingen stupte og skalden kvad
Om kvelden vart himmelen raud
Nidingen kua seg ned og bad
Yngve-Frøys hovding var daud

Med spjut i hand, i stammen han stod
Ein konung av gjætord er kjend
Eit heljaga andlet so lyste av ro
I skuggjane framleis han stend